

Til

Styret ved Helse Førde og

Prosjektgruppa; Nye Førde sjukehus. Poliklinikk, dagbehandling og
behandlingshjelpe midler

Basseng ved Førde sentralsjukehus

Brukarutvalet ved Helse Førde er kjend med planane om å ta bort bassenget ved sentralsjukehuset. Som representantar frå brukarorganisasjonane er vi uroa over at bassenget vert teke bort. Det er mange kronisk sjuke og pasientar under behandling på sjukehuset som har hatt stor nytte og glede av å få behandling ved bruk av oppvarma basseng.

Vi kjenner til at psykiatrispasientar nytta bassenget og det er synd bassenget ikkje blir brukt meir til anna rehabilitering også. Vi tenker på rehabilitering av fedmeopererte, personar med store funksjonshemmingar og barn med nedsett funksjonsevne. Det er store fordelar med trening i vatn både for overvektige og folk med muskel- og skjelettplager.

Ved å ta bort bassenget tek de bort eit godt tilbod. Det er ein viktig kvalitet ved sjukehuset som forsvinn.

Brukarutvalet stiller også seg undrande til at apoteket har fått så stor plass på hovudplan når sjukehuset har som mål å samle poliklinikkane mest mogeleg.

Vårt råd er å halde fram med bassenget, som behandling form.

Førde 9.april 2018

Med helsing

Felles Brukarutval for Sogn og Fjordane

Audun Nedrebø